

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 24.10.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Miljøpolitikk for Helse Vest RHF**

**ARKIVSAK:** 2012/414  
**STYRESAK:** 111/17

**STYREMØTE:** 10.11. 2017

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret vedtek følgjande miljøpolitikk for Helse Vest RHF:

*Helse Vest RHF skal vere miljøleiarinn innanfor rolla som eigar av helseføretak.*

*Ved å ha miljøbevisste medarbeidarar skal Helse Vest RHF gå føre som eit godt døme for å redusere negativ miljøpåverknad av dei oppgåvene som spesialisthelsetenesta utfører.*

*Det skal vere merksemd i heile organisasjonen på kontinuerlig forbetring i miljøprestasjon innanfor alle aktivitetar som Helse Vest utfører og initierer som eigar av helseføretak.*

*Helse Vest RHF skal gjennom sin rolle ha stort fokus på at miljøomsyn blir ivareteke i alle prosjekt som blir utvikla og sett i gang i helseregionen.*

## Oppsummering

Helse Vest RHF blei første gong miljøsertifisert etter ISO 14001 standarden hausten 2014. I 2015 kom det ein ny utgåve av standarden, og Helse Vest RHF skal frå 2017 sertifiserast etter den nye standarden.

Helse Vest RHF har gjennom 2017 arbeidd med å tilpasse seg og implementere ny standard. Det er utarbeidd nye dokument og ein del eldre dokument er revidert.

Det blir i denne saka gjort framlegg om ny miljøpolitikk for Helse Vest RHF.

## Fakta

Dei regionale helseføretaka har som styringskrav at alle landets helseføretak skal vere miljøsertifiserte etter ISO 14001-standarden. Kravet er nådd av alle helseføretaka i regionen samt av Helse Vest IKT. Helse Vest RHF blei første gong sertifisert hausten 2014 og har sidan den gong vore underlagt årlege periodiske revisjonar.

Frå i år skal Helse Vest RHF reviderast etter ny standard – ISO 14001:2015.

Styret har tidlegare behandla miljøpolitikken for Helse Vest RHF, jf. sak 093/12 som blei behandla i styremøte 5. september 2012. Miljøpolitikken har sidan den gong hatt følgjande ordlyd:

*«Helse Vest RHF skal vere blant dei fremste i arbeidet med å fremje ei miljøvennleg og berekraftig verksemd. Dette gjeld både internt ved RHF-et og i utøvinga av den regionale rolla.*

*Dette inneber at Helse Vest RHF skal*

- *ta ein leiande posisjon, og vere ein aktiv pådrivar i spesialisthelsetenesta sitt arbeid med å nå dei nasjonale miljø- og klimamåla*
- *kontinuerleg førebyggje forureining og betre det ytre miljøet*
- *lære opp og inspirere alle medarbeidarar til auka fokus på miljøomsyn*
- *fremje nytenking kring miljøvennlege løysingar i verksemda vår*
- *prioritere miljøomsyn i alle rutinar på alle nivå i verksemda*
- *ha eit ISO 14001-sertifisert miljøstyringssystem*
- *etterleve lovkrava, og vere i forkant av lovverket så sant det er mogleg*

*I kraft av den regionale rolla, har Helse Vest RHF eit særleg ansvar for å ta miljøomsyn ved anskaffingar. Vi skal nytte innkjøpsmakta vår til beste for miljøet ved å*

- vurdere miljøpåverknaden av anskaffingane våre på førehand
- sette og følgje opp krav til leverandørar om miljøvennlige produkt og tenester
- sette og følgje opp etiske og sosiale krav som og kan betre det ytre miljøet

*Miljøpolitikken skal vere kjend for alle medarbeidarar i Helse Vest RHF, føretaksgruppa, leverandørar og samarbeidspartnarar.»*

## **Kommentarar**

Helse Vest RHF har gjennom 2017 arbeidd med å tilpasse seg og implementere ny standard. Det er utarbeidd nye dokument og ein del eldre dokument er revidert.

Den nye standarden er ein leiingstandard, og den stiller auka krav til øvste leiar og leiargruppa sitt engasjement på miljøområdet. Dei viktigaste endringane samanlikna med tidlegare utgåve er følgjande:

- auka fokus på den øvste leiinga sitt engasjement på miljøområdet
- miljøleiing som ein integrert del av verksemda si strategi
- beskyttelse av miljøet gjennom proaktive tiltak
- livssyklus-tanken er sentral
- bruk av risikovurdering under planlegging
- effektiv kommunikasjon og etablering av eigen strategi for miljøkommunikasjon
- kartlegging av og forståing for verksemda si kontekst
- ny struktur på standarden i samsvar med andre leiingsystem

Noko av tanken med den nye standarden er å leggje til rette for at verksemdene lettare kan styre sitt miljøarbeid på ein heilskapleg måte.

Eit av krava i ISO 14001:2015 er at den øvste leiinga/styret i organisasjonen skal opprette, implementere og vedlikehalde ein miljøpolitikk som

- er egna for føremålet og konteksten til organisasjonen, inkludert type, skala og miljøeffekt av aktivitet, produkt og tenester,
- gir ein ramme for å sette miljømål,
- omfattar eit engasjement for å trygge miljøet, inkludert førebygging av forureining og andre spesifikke pliktartar som er relevante for organisasjonen sin kontekst,
- omfattar eit engasjement i å overhalde samsvarsforpliktingane,
- omfattar eit engasjement for kontinuerleg betring av leiingssystemet for miljø for å betre miljøprestasjonen.

I tillegg skal miljøpolitikken

- bli vedlikehalden som dokumentert informasjon,
- kommuniserast i organisasjonen, og
- vere tilgjengeleg for interessepartar ved behov.

Ved utforming av den nye miljøpolitikken er det lagt vekt på at miljøleingsystemet i Helse Vest RHF omfattar all aktivitet på hovudkontoret på Forus, alle regionale program og prosjekt samt dei oppgåver som blir utført av underliggjande verksemder.

Det blir i denne saka gjort framlegg om følgjande miljøpolitikk for Helse Vest RHF:

*Helse Vest RHF skal vere miljøleiar innfor rolla som eigar av helseføretak.*

*Ved å ha miljøbevisste medarbeidarar skal Helse Vest RHF gå føre som eit godt døme for å redusere negativ miljøpåverknad av dei oppgåvene som spesialisthelsetenesta utfører.*

*Det skal vere merksemd i heile organisasjonen på kontinuerlig forbetring i miljøprestasjon innfor alle aktivitetar som Helse Vest utfører og initierer som eigar av helseføretak.*

*Helse Vest RHF skal gjennom sin rolle ha stort fokus på at miljøomsyn blir ivareteke i alle prosjekt som blir utvikla og sett i gang i helseregionen.*

## **Konklusjon**

Saka blir lagt fram for styret til endeleg avgjerd.

Administrerande direktør er oppteken av at Helse Vest held fast ved å ha ein leiande posisjon og er ein aktiv pådrivar i spesialisthelsetenesta sitt samla miljøarbeid.